## 040/22 - 22/309 - Gnr. 43 bnr. 0913 mfl. Storebø. Oppstart av reguleringsplanarbeid

Journaldato: **10.01.2022** 6 dokumenter
Arkivsak:21/1704 - Gnr. 43 bnr. 0913 m.fl. Storebø. Reguleringsplan for bustadområde
Brevdato:**02.03.2022**
Dokumenttype:**Saksframlegg**
Ansvarlig enhet:**Plan og byggesaker**
Sakshandsamar:**Malin Olivia Hovland**

### Dokumenter

- Gnr. 43 bnr. 0913 mfl. Storebø. Oppstart av reguleringsplanarbeid (Hoveddokument, 5MB)
- Plavavgrensing 161221 (Vedlegg, 3MB)
- Ingeniørgeologisk vurdering Storebø (Vedlegg, 5MB)
- Planinitiativ_21.12.2021 (Vedlegg, 5MB)
- Gnr. 43 bnr. 0913 m.fl. Storebø. Referat frå oppstartsmøte 16.12.2021 (Vedlegg, 180KB)
- Plankart_Storebø_02 (L)(546819) (Vedlegg, 15MB)

### Vedtak

Plan- og byggesaksutvalet godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-8, oppstart av detaljreguleringsplan for gnr. 43 bnr. 0913 Storebø

Plannamn: Detaljreguleringsplan for gnr. 43 bnr. 913 mfl. Storebø
PlanID: 4625 20220001

Plan og byggesaksutvalet krev følgjande til neste politiske handsaming:

- Planforslaget skal vere i tråd med føresetnader og dokumentasjonskrav i Referat frå oppstartsmøte 16.12.2021 og dette vedtaket. Rammeplan for vatn og avlaup skal syne handtering av overvatn og løysing for brann- og sløkkevatn i tråd med teknisk forskrift.

- Det skal ligge føre ei vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12.

- Det må ligg føre dokumentasjon på at veg, vatn, avlaup og straum er sikra for planomfanget etter dialog med Austevoll vatn

og avløp, og Austevoll Kraftlag. Brann- og sløkkevatn skal vere i tråd med gjeldande teknisk forskrift.

- Planforslaget skal vere i tråd med områdereguleringsplanen og relevante føresegn skal bli ført vidare. Det blir gitt unntak frå følgjande føresegn:
    - § 5.3.2 – Barnehage: Det er ikkje naudsynt å regulere 4 daa til bruk som barnehage
    - § 2.7 - krav til VA-rammeplan: VA-rammeplan kan bli avgrensa til planområdet, men må opne for at andre delområde kan knyte seg til, og ved behov oppgradera, infrastrukturen i framtida.
    - § 3.2 - Særskilte rekkefølgekrav for dei einskilde områda: Følgjande rekkefølgekrav blir ikkje vidareført:
        - o_SKV1
        - o_SKV7
        - o_SGS7

- Rekkefølgekrav til SGS3, 2 og 11 skal bli ført vidare i ein revidert versjon, i tråd med rådmannen si tilråding.
  Overgang Prestanesvegen skal bli utgreia og sikra slik den ligg føre i områdereguleringsplanen for Storebø sentrum (planID 20150016). SGS2 og SGS11 skal bli kopla saman med trygg overgang i tråd med vedlagte teikningar, men som kryssing i dagen. SGS11 blir liggande som han er, men det skal bli stilt rekkefølgekrav til den delen som er naudsynt for å få trygg overgang og kople saman SGS11 med SGS2.

- Den delen av f_GT1 som går mellom H419 og f_SKV32 skal bli regulert som gangveg.

Søkar kunngjer oppstart av planarbeid til minst ei avis, og gjennom elektroniske medium. Søkar orienterer dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart (grunneigar, heimelshavar, naboar, styresmakter m.m.).

Uttalefrist blir satt til fire veker.

## Behandling

Røysting:
Tilrådinga frå rådmannen vert samrøystes vedteke.